








Noziibele fi rifeensa saddan

Nozibele og dei tre hårstråa

-  Tessa Welch
-  Wiehan de Jager
-  Demoze Degefa
-  oromo / nynorsk
-  nivå 3

(uten bilder)






Yeroo duri, dubarri sadii qoraan guruu deeman.

...


For lenge, lenge sidan gjekk tre jenter ut for å samla ved.



Guyyaa ho'aa waantureef bishan daakuf gara
lagaa deeman. Bishaan daakaa, walti naqaa
bayee taphaatan.

...


Det var ein varm dag, så dei gjekk ned til elva for
å symja. Dei leikte og plaska og sumde i vatnet.



Akka tasaa akka guyyaa ta'ee baran. Daddafanii gara qayee isaani deebi'an.

...


Plutseleg merka dei at det var vorte seint. Dei skunda seg tilbake til landsbyen.



Yeroo gara maanatti dhihatan Noziibele harkaa ishee mormaratti kayyachuu ishee argan. Amartii morma ishee gatte turte! “Adaraa nawajjiin dubbati debi’aa” jette isaan kadhatte. Garuu hiriyyoni ishee yeroon barbacha akka darbee ittihiman.

...


Då dei var nesten heime, la Nozibele handa på halsen. Ho hadde gløymt halsbandet! “Ver så snill å dra tilbake saman med meg!” trygla ho veninnene sine. Men veninnene hennar sa at det var for seint.



Kanaafu Noziibelen gara laggati deebite. Amaarti ishee argatee jennan gara mana dafte galatee. Garu dukkanni ishee karairra dhoske.

...


Så Nozibele gjekk tilbake til elva åleine. Ho fann halsbandet og skunda seg heim. Men ho gjekk seg vill i mørket.



Fageenyati ifaa mana kessa argite. daftee gara manichaa deemte balbalaa isaani rukkute.

...


I det fjerne såg ho lys som kom frå ei hytte. Ho sprang mot hytta og banka på døra.



Akka ajaa'iba sareen mana bantee akkan jetten, "Mal barbaadee?" Karaan bade lafa cisuun barbaadaa jeteen, Noziibelen. "Seeni yookeen anii ciniina," jetten sareen. Kanafu Noziibelen gara manaa sente.

...


Så forundra ho vart då det var ein hund som opna døra og sa: "Kva er det du vil?" "Eg har gått meg vill og treng ein stad å sova", sa Nozibebe. "Kom inn, elles bit eg deg!" sa hunden. Så Nozibebe gjekk inn.



Sana booda sareen akkan jette, “Nyaata naf qopheesi!” “Garu ani sareedhaf qopheese hinbeeku” jetteen sareen. “Nyataa qopheesi yookin cincinnina” jetteen sareen. Kanafu Noziibele nyaataa xinno sareef qophesitee.

...


Då sa hunden: “Lag mat til meg!” “Men eg har aldri laga mat til ein hund før”, svara ho. “Lag mat, elles bit eg deg!” sa hunden. Så Nozibele laga litt mat til hunden.



Kanati ansuudhan sareen, "Lafa cisiichaa natolchi," jetten sareen. "Sareedhaf goonkumayuu lafaa cisiichaa qopheesu hinbeeku," jetten Noziibele. "Cisiichaa natolchi yookin cincinnina," jedheen sareen. Kanaafu Noziibele lafaa cisichaa tolchitef.

...


Då sa hunden: "Rei opp senga for meg!" Nozibele svara: "Eg har aldri reidd opp senga for ein hund." "Rei opp senga, elles bit eg deg!" sa hunden. Så Nozibele reidde opp senga.



Guyyaa hundaa sareef nyaatafi mana qopheesu qabdi. Gaftokko sareen akkan jette, “Noziibele, ani hardha hiriyoota kiyyan gaafachu dhaqaa mana kana tolchi, nyaata qophesi, otto ani hindebi’in dura wantoota kiyyaa nafqulqulessi.”

...


Kvar dag måtte ho laga mat og feia og gjera reint for hunden. Så ein dag sa hunden: “Nozibele, i dag må eg vitja nokre vener. Fei huset, lag mat og gjer reint før eg kjem tilbake.”



Akkuam sareenn gara imala deemiteen,
Noziibelen rifeensa sadi ofira luqistee. Rifeensa
tokko siree jala, tokko immo balbala duuba, fi isaa
kan immo kiraala kessa goote. Eegasi gara mana
ishee dadftee figde.

...


Så snart hunden var dregen, tok Nozibele tre
hårstrå frå hovudet sitt. Ho la eitt hårstrå under
senga, eitt bak døra, og eitt i innhegninga. Så
sprang ho heim så fort ho orka.



Sareen yeroo deebi’u, Noziibele barbaade.
“Noziibele, isaa jirtaa?” jedhe. “Ani asna jira siree
jala,” jedhe rifeesi duraa.” Ani asna jira, balbalaa
duuba,” jedhe rifeense lammata.” Ani kiraala
keessan jira,” jedhe rifeense saddafan.

...

Då hunden kom tilbake, leitte han etter Nozibele.
“Nozibele, kor er du?” ropte han. “Eg er her,
under senga”, sa det første hårstrået. “Eg er her,
bak døra”, sa det andre hårstrået. “Eg er her, i
innhegninga”, sa det tredje hårstrået.



Sanaa booda Noziibelen akka isaa goyyomsite bare. Dafee garaa ganda isheeti figee. Garuu obboleigni Noziibelee olee gurguddaa qabatani eegachaa jiru. Sareenis gara mana isaa figee debi'ee lammata gandaa sanatti hinmuldhanne.

...

Då skjønnte hunden at Nozibelee hadde lurt han. Så han sprang og sprang heile vegen til landsbyen. Men der venta brørne til Nozibelee med store kjeppar. Hunden snudde seg og sprang bort, og han har ikkje vorte sett sidan.



Barnebøker for Norge

barneboker.no

Noziibele fi rifeensa saddan

Nozibele og dei tre hårstråa

Skrevet av: Tessa Welch

Illustret av: Wiehan de Jager

Oversatt av: Demoze Degefa (om), Espen Stranger-Johannessen, Martine Rørstad Sand (nn)

Denne fortellingen kommer fra African Storybook (africanstorybook.org) og er videreformidlet av Barnebøker for Norge (barneboker.no), som tilbyr barnebøker på mange språk som snakkes i Norge.

Dette verket er lisensiert under en Creative Commons

[Navngivelse 3.0 Internasjonal Lisens](https://creativecommons.org/licenses/by/3.0/).